

## **Referat frå møte i Langlim 28.2.2013 om revisjon av konsesjonsvilkåra for Sundsbarm**

Møtet blei halde i Langlim grendehus. I tillegg til dei 9 frammøtte frå Langlim og Åmotsdal møtte Jørn Ingar Sanda frå Seljord kommune, Anita Cecilie Krikevold frå Midtre Telemark vassområde og Helge Kiland frå Faun naturforvaltning.

Jørn Ingar Sanda opna møtet og Helge Kiland orienterte om bakgrunnen for revisjonssaka og om dei retningslinene som gjeld for slike saker. Frå dei andre frammøtte blei det notert følgjande innspel og merknader:

- Manglande oppfylling av Sundsbarmmagasinet og hyppig nedtapping gjer det vanskeleg for bruken av vatnet med båt og for fiske. Det er ønskje om fyllingskrav. Kote 607 blei nemnt. Skjer og steinar som kjem fram ved låg vasstand må merkast slik at dei ikkje blir ein fare for båtane.
- Det er bygd 2 båthus; eit på Sanden i sørrenden av vatnet og eit ved dammen. Ingen av båthusa fungerer noko særleg godt. Dei er vanskelege å kome til og få båten ut og inn. Det er ønskje om å kome lettare ned til vatnet med båt og hengar. Dei utsetta som finst er for bratte, for smale og vanskelege å rygge ned med vanlege bilar. Det er behov for vegar ned til LRV som er støypte av betong og som er så breie at det gjeng an å rygge ned utan å vera ekspert på det. Det bør på tur ned til vatnet også vera mogleg å kunne stoppe og snu eit par stader. Dei innretningane (vinsj) som er laga for å trekke båtane opp er tungvinte og fungerer därleg. Slike båtutsett skal vera opne for ålmenta.
- Det har samla seg store mengder rekved og røter frå reguleringssona i buktene i vatnet. Det er til stort hinder for fisket og må takast opp og eventuelt brennast.
- I tillegg til Kivledalsvegen, der Sundsbarm kraftverk er med i veglaget, yter kraftverket tilskot til Milionvegen og til Særlidvegen. Noko det er ønskje om å behalde.
- Fisken i Sundsbarm er undersøkt ved prøefiske i 1977, 1990, 2001 og i 2004. Før røya kom i 1956 var vatnet eit reint aurevatn, men har etter overføringa frå Morgedal og Øyfjell også fått inn stingsild, ørekyst og tryte. Det har gått sterkt tilbake med røya. Auren har vanskar med å ta seg opp gytebekkane, men kan truleg gyte på nokre av bekkane under HRV. Det blei reist spørsmål om fisken blir pressa mot gitteret for utløpstunnelen ved tapping.
- Bortsett frå terskelen øvst i Manndalsåi nedanfor dammen har dei lausmassetersklane som er etablert både i Manndalsåi og i Åmotsdalsåi/Flatdalsåi blitt vaska vekk. Delar av elvefara i Manndalselva og Åmotsdalselva er i ferd med å gro att. Regulanter må halde vassvegane opne.
- Om reguleringa av Sandsetvatnet og øvre delar av vassdraget elles blei det ikkje registrert nokre spesielle merknader eller synspunkt.

Fyresdal 4.3.2013, Helge Kiland.